



Nytt klubbhus fekk knapt fleirtal

Årsmøtet i båtlaget stilte seg lunkent til planen om nytt klubbhus men stilte seg positivt til grillhytte og video-overvaking. Det var eit svært lite fleirtal for å gå vidare med klubbhusplanane. Johannes Hjørnevåg hadde teikna eit hus foran årsmøtet og påtroppande leiar Trond Lekva Myklebust tenkte seg eit hus som likna det på Husnes og hadde den same funksjon.

- Huset vårt er 30 år og treng utskifting. Her bør vi vedta å gå vidare med ein eventuell byggjesøknad, sa Myklebust. Evtuellet må det søkjast om dispensasjon på grunn av nærleiken til kyrkja, men leiaren trudde ikkje at det vil verta noko problem. Han såg for seg huset som eit sosialt samlingspunkt i hamna og opplyste at kalkyle pågår.

Magne Huglen stilte endel kritiske spørsmål. Han ville til dømes veta om laget bygde hust for medlemmene eller gjestene.
- Er det rett bruk av pengar hvis vi skal satsa 2 millionar på litt ekstra kos for bygda, spurde han og etterlyste meir informasjon om utleigebiten.

Hans Reidar Kjærland åtvvara mot å leggja arbeid i noko som ikkje kan gjennomførast. Det er ikkje sikkert ein treng eit så stort prosjekt. Først bør laget finna ut kva det treng, understreka han.

Huglen meinte at grillhytte kunne vera eit positivt tiltak sjølv om dette også kan verta ein samlingsplass for ungdom som sit og drikk. Leiar Myklebust opplyste at det også vil omfatta eit handicaptoalett. Gunnar Leite held fram at dette vert eit trivselstiltak for dei som kjem til Uskedalen.

Årsmøtet gav styret fullmakt til å bruka 50 000 kroner til videoovervaking. Dette kan bli noko som forsikringsselskapa krev. Huglen gjekk inn for det og streka under at tiltaket vil gjera standarden på hamna høgare.

Eit av dei andre vedtaka som vart gjort var auke av dugnadstaksten til 200 kroner timen og fråtrekk på kontingent for eigarar av utleigde plassar. Styreforslag om auke av kontingent og medlemskontingent vart avvist.

Av Ola Matti Mathisen